

# HØYRINGSUTKAST

## Forskrift [dato] om rett til godtgjersle og velferdsgode for folkevalde i Ulstein kommune

Fastsett av Ulstein kommunestyre [dato] med heimel i lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommuner og fylkeskommuner §§ 8-3, 8-4, 8-6 og 8-10

### Kapittel 1: Allmenne føresegner

#### § 1 *Føremål*

Forskrifta skal legge til rette for brei rekruttering til kommunale tillitsverv gjennom økonomiske ordninger som gjør det mogleg for alle å delta i lokalpolitikken.

#### § 2 *Verkeområde*

Forskrifta gjeld alle som har eit folkevald verv i Ulstein kommune.Utfyllande reglar som gjeld arbeidsvilkåra til dei folkevalde går fram av Politisk reglement.

#### § 3 *Tvils- og tolkingsspørsmål*

Ordføraren skal avgjere eventuelle tvils- eller tolkingsspørsmål som gjeld føresegnehene i forskriften. Ordføraren kan legge slike spørsmål fram for avgjerd i formannskapet.

### Kapittel 2: Dekking av utgifter og økonomisk tap

#### § 4 *Rett til dekking av utgifter og økonomisk tap*

Folkevalde har krav på å få dekt

- a) utgifter til skyss, kost og overnatting for reiser som følger av vervet (avtalte møte, kurs m.m. utanfor kommunegrensene) etter reiseregulativet for kommunalt tilsette. Sjå krav til dokumentasjon i reiseregulativet.
- b) naudsynte utgifter til pass av born under 12 år, omsorg for funksjonshemma og eldre (pleietrengande) på grunn av vervet. Dette omfattar også betaling til nære familiemedlemmer. Ektefelle/sambuar til den folkevalde fell også innanfor ordninga dersom pass av eigne born

medfører tap av ordinær arbeidsinntekt. Ordninga omfattar også betaling av ekstra timer i SFO og barnehage.

- c) tapte arbeidsinntekter på grunn av møte i folkevalde og andre kommunale organ

#### *§ 5 Utmåling av utgifter og økonomisk tap*

- a) Utgifter etter § 4 bokstav b vert gjeve med inntil 500 kr per møte.
- b) Dokumenterte tap av arbeidsinntekt etter § 4 bokstav c vert dekte med inntil 2500 kr per dag. Trekk i løn må dokumenterast av arbeidsgjevaren med oppgåve over kva som er trekt.
- c) Sjølvstendig næringsdrivande skal legge fram likningsattest over personinntekt. Tap per dag vert rekna ut etter netto årsinntekt delt på 260 dagar, likevel avgrensa til 3500 kr per dag (7,5 timer eller meir). For mindre enn 7,5 timer per dag vert maksimaltsatsen redusert tilsvarende.
- d) Refusjonane skal dekke tap i arbeidsinntekt innanfor tidsrommet kl. 7–17 på vanlege arbeidsdagar eller innanfor turnusarbeid.
- e) Krav om dekking av utgifter og økonomisk tap skal fremjast så snart som råd og seinast 4 månader etter at kravet oppstod.
- f) Dekking av utgifter og økonomisk tap skal betalast ut fortløpende.

### Kapittel 3: Fast arbeidsgodtgjersle

#### *§ 6 Formannskapet*

Medlemmer av formannskapet får ei fast godtgjersle på 20 000 kr i året.

#### *§ 7 Leiarar i hovudutvala og kontrollutvalet*

Leiarane i teknisk utval, levekårsutvalet og kontrollutvalet får ei fast godtgjersle på 30 000 kr i året.

#### *§ 8 Leiarar i faste råd*

Leiaren i fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, ungdomsrådet, viltnemnda, skattetakstnemnda og klagenemnda for eigedomsskatt får ei fast godtgjersle på 4000 kr i året.

#### *§ 9 Gruppeleiarar*

Gruppeleiarane i kommunestyret får ei fast godtgjersle på 4000 kr i året.

#### *§ 10 Fråvær*

Om ein leiar i eit organ eller ein gruppeleiar har fråvær i meir enn ein tredel av møta eit år, får vedkomande redusert leiargodtgjersla tilsvarande den prosentdelen av møta leiaren ikkje har møtt i.

Om leiaren har fråvær i meir enn ein tredel av møta, skal ein prosentdel av leiargodtgjersla tilsvarande fråværet overførast til nestleiaren.

### **§ 11 *Ordførar***

Arbeidsgodtgjersla til ordføraren skal vere lik den faste godtgjersla til stortingsrepresentantane. Godtgjersla skal regulerast på det same tidspunktet som for stortingsrepresentantane.

Godtgjersla skal omfatte alt arbeidet som vert tillagt vernet. Ordføraren får ikkje møtegodtgjersle eller dekking av tapt arbeidsforteneste.

Feriepengar, sjukelønn og pensjonsordning til ordføraren skal fastsetjast på same vilkår som for dei tilsette i kommunen.

### **§ 12 *Varaordførar***

Den faste godtgjersla til varaordføraren er 20 % av ordføraren si godtgjersle, og gjev rett til opptenning av feriepengar. Godtgjersla omfattar alt arbeidet som vert tillagt vernet, varaordføraren får dermed ikkje møtegodtgjersle eller dekking av tapt arbeidsforteneste.

### **§ 13 *Fordeling i år med kommunestyreval***

Dersom det vert skifte i eit av verva som er omtalte i paragrafane § 6 –9 frå og med det konstituerande møte etter eit kommunestyreval, vert den årlege godtgjersla fordelt slik:  $\frac{3}{4}$  går til den som har vernet før møtet,  $\frac{1}{4}$  går til den som har vernet frå og med møtet.

## **Kapittel 4: Møtegodtgjersle**

### **§ 14 *Generelt om møtegodtgjersle***

Det vert gitt møtegodtgjersle (arbeidsgodtgjersle) for møte i folkevalde og andre kommunale organ.

### **§ 15 *Godtgjersle for kommunale aksjeselskap***

Eigarmøte vert honorert som formannskapsmøte. Honorar til styret vert dekt av selskapet sjølv.

### **§ 16 *Godtgjersle for interkommunale styre, råd og utval***

Dersom interkommunale styre, råd og utval ikkje gir godtgjersler, kan kommunestyret vedta å gi sine folkevalde representantar godtgjersle.

### **§ 17 Godtgjersle ved fleire møte same dag**

Når ein folkevald deltek i meir enn eitt politisk møte same dag, skal vedkomande ha møtegodtgjersle for kvart møte som varer meir enn ein time.

### **§ 18 Satsar for møtegodtgjersle**

- a) For formannskapet og kommunestyret: 1 100 kr per møte
- b) For hovudutvala, kontrollutvalet og skattetakstnemnda: 1 100 kr per møte
- c) For andre utval og råd: 500 kr per møte
- d) For vararepresentantar som møter til enkeltsaker: 500 kr per møte
- e) Vararepresentantar og faste representantar som møter i del av møte på grunn av at den faste representanten har permisjon: 750 kr per møte

### **§ 19 Utbetaling av godtgjersle**

Møtegodtgjersle vert betalt ut to gongar i året: i juni (for perioden desember–mai og i desember (for perioden juni–november).

Det vert berre betalt ut godtgjersle til folkevalde som ifølge protokollen/referatet har vore til stades i møtet.

Leiargodtgjersla vert betalt ut ein gong i året.

### **§ 20 Ettergodtgjersle**

Avtroppande ordførar har krav på godtgjersle ut månaden etter konstituerande kommunestyremøte og påfølgande månad. Ordførar som ikkje kan vende attende til tidlegare arbeidstilhøve etter avgang, har krav på den faste godtgjersla inntil den dato den vedkomande tek til i nytt arbeidstilhøve eller fyller 67 år, men ikkje lenger enn 3 månader etter konstituerande kommunestyremøte.

### **§ 21 Permisjonar**

Ordføraren har krav på permisjon etter reglane i kommunelova § 8-10. Søknad om permisjon skal avgjerast av kommunestyret.

## **Kapittel 5: Ikraftsetjing**

### **§ 22 Tidspunktet for ikraftsetjing**

Forskrifta trer i kraft straks.